

KOMMISJONSVEDTAK

av 26. juni 1998

om fastsetjing av harmoniserte kriterium for å gje dispensasjon i medhald av føresegnene i artikkel 9 i rådsdirektiv 96/82/EF om kontroll med farene for større ulykker med farlige stoffer(*)*[meldt under nummeret K(1998) 1758]*

(98/433/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 96/82/EF av 9. desember 1996 om kontroll med farene for større ulykker med farlige stoffer⁽¹⁾, særleg artikkel 9, og

ut frå desse synsmåtane:

Etter artikkel 9 i direktiv 96/82/EF skal medlemsstatane krevje at dei driftsansvarlege i visse verksemder utarbeider tryggleiksrapportar.

I samsvar med artikkel 9 nr. 6 bokstav a) i direktiv 96/82/EF kan medlemsstaten, dersom det på fullnøyande måte kan påvisast overfor den rette styresmakta at visse stoff som finst i verksemda eller delar av verksemda, finst i ein tilstand som ikkje kan vere årsak til ei større ulukke, i samsvar med dei kriteria som er nemnde i bokstav b), avgrense kravet om opplysningar i tryggleiksrapportane til berre å omfatte dei spørsmåla som er relevante for førebygging av den resterande faren for større ulukker, og for avgrensing av følgjane deira for menneske og miljø.

Desse kriteria rører ikkje ved fastsetjinga av mengdegrenser for farlege stoff for gjennomføringa av artikkel 9 i direktiv 96/82/EF.

I samsvar med artikkel 9 nr. 6 bokstav b) i direktiv 96/82/EF skal Kommisjonen, før direktivet vert gjennomført og i samsvar med den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 16 i rådsdirektiv

82/501/EØF av 24. juni 1982 om faren for større ulykker i forbindelse med visse aktiviteter i industrien⁽²⁾, fastleggje harmoniserte kriterium som gjer det mogleg for den rette styresmakta å avgjere om ei verksemd ikkje kan utgjere ein fare for større ulukker slik det er definert i bokstav a).

Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som vart oppnemnt i medhald av artikkel 16 i direktiv 82/501/EØF —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

For å gjennomføre artikkel 9 nr. 6 i direktiv 96/82/EF om kontroll med farene for større ulykker med farlige stoffer vedtek Kommisjonen dei harmoniserte kriteria som er oppførde i vedlegget til dette vedtaket.

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfærd i Brussel, 26. juni 1998.

For Kommisjonen

Ritt BJERREGAARD

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 192 av 8.7.1998, s. 19, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 59/1999 av 30. april 1999 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(1) TEF L 10 av 14.1.1997.

(2) TEF L 230 av 5.8.1982. Direktivet endra ved direktiv 87/216/EØF (TEF L 85 av 28.3.1987, s. 36), 88/610/EØF (TEF L 336 av 7.12.1988, s. 14) og 91/692/EØF (TEF L 377 av 31.12.1991, s. 48).

*VEDLEGG***Harmoniserte kriterium for å gje dispensasjon i medhald av artikkel 9 i rådsdirektiv 96/82/EF om kontroll med farene for større ulykker med farlige stoffer**

Det kan gjevast dispensasjon i samsvar med føresegnene i artikkel 9 nr. 6 dersom minst eitt av dei følgjande allmenne kriteria vert stetta.

1. Den fysiske forma til stoffet

Stoff i fast form som ved normale tilhøve og ved eventuelle unormale tilhøve som er rimeleg føreseielege, ikkje kan føre til at det vert frigjort materiale eller energi som kan innebere fare for ei større ulukke.

2. Inneslutting og mengder

Stoff som er emballerte eller inneslutta på ein slik måte og i slike mengder at det største utsleppet som er mogleg, under ingen omstende kan innebere fare for ei større ulukke.

3. Plassering og mengder

Stoff som finst i slike mengder og med slike avstandar til andre farlege stoff (i den same verksemda eller andre stader) at dei i seg sjølve ikkje kan innebere fare for ei større ulukke eller utløyse ei større ulukke i samverknad med andre farlege stoff.

4. Klassifisering

Stoff som er definerte som «farlege stoff» etter den allmenne klassifiseringa i del 2 i vedlegg I til direktiv 96/82/EF, men som ikkje kan innebere fare for ei større ulukke, og som difor gjer at den allmenne klassifiseringa ikkje er føremålstenleg i dette tilfellet.
